# Årsmøtereferat
## Stord Undervannsklubb

**09.06.2021**
**Møte i lokala til ESS.**

1. **Opning av årsmøtet.**
   Leiaren i klubben, Ida Helene Hvitsand , ønskte velkommen og opna årsmøtet kl.19.33 i lokala til ESS.

2. **Godkjenning av dei som har stemmerett.**
   Det møtte 7 medlemmer med stemmerett vart godkjend.

3. **Val av møteleiar, referent og 2 til å underteikna årsmøtereferatet.**
   Ida Helene Hvitsand vart valt til møteleiar. Severin S. Birkeland vart valt til referent.

   Til å underteikna årsmøtereferatet vart Tobias Hukseth og Gunnhild Litlabø valt.

4. **Godkjenning av innkalling, saksliste og møtereglar.**
   Årsmøteinnkallinga og saklista vart godkjend.

5. **Godkjenning av årsmeldinga for 2020.**
   Årsmeldinga var sams for gruppene i klubben, og vart gjennomgått av dei frammøtte. Møteleiaren gjennomgjekk kvart punkt i årsmeldinga for kommentarar.

   **Vedtak:** Årsmeldinga vart med denne endringa samrøystes vedteke.

6. **Godkjenning av rekneskap og melding frå kontrollutvalet**
   Hovudrekneskapen vart gjennomgått av kasseraren.

   Saman med alle eigendelane klubben har, reknast verdien til ca. 351435,89,- ved utgangen av 2020.

   Styret føretok ymse utdjupingar av postane i rekneskapen saman med balanserekneskapen.

   Revisorar har vore Martin Hamre og Inge Utbjoe. Revisor sin kontroll av vedlegg og posteringar viste at rekneskapa var korrekt ført. Rekneskapsføringa og resultatrekneskapa var i samsvar.

   **Vedtak:** Rekneskapen vart samrøystes godkjend.

7. **Behandle innkomne forslag.**

   Det er ikkje kommen inn nåken innkomne forslag.

**8. Fastsetjing av kontingent.**

**Vedtak**: Kontingenten vart vedteke uendra.

**9. Behandle budsjettforslag**

Kasserer la fram at det er endring av kontingent postane for medlemsskap.
Det må endres kontingent frå fridykker til barn og ungdomsmedlem til post 3922, hovedmedlem til 3921 og maxi til 3920.

Post 6340 lys, varme, + annet blir dekket inn av oppsparte midlar dersom utgiftene viser seg å være meir enn det som er budsjettert med.

**Vedtak:** Endra budsjettforslag vart einstemmig vedteke.

**10. Organisasjonsplan**
Organisasjonsplanen er ikkje vesentlig endret fra året før.

**Vedtak:** Organisasjonsplanen vart einstemmig vedteke.

**11. Val.**

**Valkomitéen la fram følgjande innstilling til**

**Styre:**
Leiar: Lars Haugland Almås
Nestleiar: Thomas Kristoffersen

1. styremedlem: - Gunnhild Litlabø
2. styremedlem: - Ida Helene Hvitsand
3. styremedlem: - Severin Sørli Birkeland

1. varamedlem: - Atle Barsnes
2. varamedlem: - Bjørn Eilertsen

Kasserar: Atle Barsnes

**Vedtak:** Innstillingane vart samrøystes vedtekne

**Kontrollutval:**

Medlem 1 - Inge Utbjoe

Medlem 2 - Martin Hamre

Vara: Julia Helland

**Vedtak:** Innstillingane vart samrøystes vedtekne

**Representant/ar til ting/leiarmøte**:

Leiar og nestleiar, eller at styret har fullmakt til å bestemme dette.

**Styret la fram følgjande innstilling til**
**<u>Valkomité:</u>**

| | |
|---|---|
| Leiar | Bjørn Birkeland |
| Medlem | Tobias Hukseth |
| Medlem | |
| Varamedlem | |

**Vedtak:** Styret får fullmakt til å fullføre lista over valkomité.

Avtrappande leiar får gåvekort på kr.1000,- for innsatsen.

Leiar, Ida Helene Hvitsand, takka frå det gamle styret og ønskte velkommen det nye.

Årsmøtet vart avslutta kl. 20.40.
Stord 09.06.2021

Severin S. Birkeland
Årsmøtereferent

Tobias Hukseth
Kontrollør

Gunnhild Litlabø
Kontrollør